

DIALOGKORT: REGLAR OG PRAKSIS



ARTIKKEL

FORSKAR ÅTVARAR OM TRYGGLEIKSHYSTERI

I rammeplan for barnehagen står det at barnehagen skal bidra til at barna får oppleve å meistre risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar. Kva legg de i denne setninga frå rammeplanen?



DIALOGKORT: VERIDIAR OG DEMOKRATI



ARTIKKEL

MENNESKERETTAR KAN LÆRAST FRÅ EITTÅRSALDEREN

Forskaren som er intervjuet i artikkelen, har teke utgangspunkt i tre menneskerettar når ho har gått inn i barnehagar med det ho kallar menneskerettsbriller: retten til eigedom, retten til innverknad og retten til likebehandling. Kan de gi døme på andre menneskerettar som de kjenner igjen i barnehagekvardagen?

DIALOGKORT: VERIDIAR OG DEMOKRATI



ARTIKKEL

MED ROM FOR KONFLIKTAR I BARNEHAGEN!

I artikkelen seier forskaren følgjande: «I barnehagen er det en tendens til at konflikter skal løses raskt og smidig. Men uenighetene bør få lov til å blomstre litt mer. De kan brukes til å lære barna om demokrati.»

Kva tenkjer de at barn kan lære av konflikter utover demokratiske verdiar?



DIALOGKORT: LEIK OG TRIVSEL



ARTIKKEL

KVA MEINER EIGENTLEG BARN OM DEI VAKSNE I BARNEHAGEN?

I artikkelen beskriv forskaren fire forskjellige typar tilsette: **trøystaren, leikekameraten, lærermeisteren og ordensmakta**. Forskaren seier følgjande: «De fleste har en rolle som de trives best i selv, men som regel skifter de ansatte mellom disse rollene, avhengig av situasjonen og hvilke barn de møter.»

Kjenner de dykk igjen i desse rollebeskrivingane?



TIL DISKUSJON:

- Korleis kan barnehagen følgje opp det nemnde punktet om «risikofylt leik» i rammeplanen utan at det går ut over den fysiske tryggleiken til barna?
- Kan risikovurdering òg vere viktig læring som barn bør få med seg frå barnehagen? Korleis kan det i så fall leggjast til rette for det?

Les heile artikkelen på side 12-13 i **Vetuva 2018**.

DIALOGKORTA KAN LASTAST NED FRÅ VETUVA.UDIR.NO.



TIL DISKUSJON:

Ifølgje rammeplanen skal personalet gi barna begynnande kjennskap til kor viktige menneskerettane er – særleg barnekonvensjonen.

- Kva for teikn og uttrykk bruker små barn til å hevde innverknaden sin?
- Korleis kan vaksne vere sensitive overfor små barn som utydeleg og ikkje-verbalt gir uttrykk for eit ønske om innverknad?
- Korleis kan vi som vaksne støtte uttrykket til små barn slik at dei får innverknad i samspel med andre barn?

Les heile artikkelen på side 22-24 i **Vetuva 2018**.

DIALOGKORTA KAN LASTAST NED FRÅ VETUVA.UDIR.NO.



REFLEKSJONSSPØRSMÅL:

I artikkelen heter det at:

Med kva slags roller møter vi dei ulike barna? Er det til dømes nokon barn som alltid blir møtte med éi bestemt rolle? I så fall: Kvifor det?

Les heile artikkelen på side 5-6 i **Vetuva 2018**.

DIALOGKORTA KAN LASTAST NED FRÅ VETUVA.UDIR.NO.



TIL DISKUSJON:

Les dømet om samlingsstunda i den siste delen av artikkelen. Diskuter kva andre måtar den vaksne kunne ha handtert denne situasjonen på, slik at barna i større grad kunne lære demokratiske verdier.

Les heile artikkelen på side 14-15 i **Vetuva 2018**.

DIALOGKORTA KAN LASTAST NED FRÅ VETUVA.UDIR.NO.